



Landsvik Kåre  
LANDSVIK  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1513 - 18/15516

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
23.08.2018

## Løyvingsbrev Gbnr. 51/10 Landsvik SMIL 2018 - tilskot til gjerding og beiterydding

**Administrativt vedtak. Saknr: 168/2018**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 25.05.2018.

Meland kommune vart for 2018 løyvd kr 190.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2018. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 10 søknader, m.a. frå Kåre Landsvik for Gnr. 51. bnr. 10.

Kåre Landsvik har søkt om tilskott til: gjerding og beiterydding.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 30,7 daa, 80,6 daa skog og 73,7 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som

allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turveggar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2017 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

#### Vurdering:

Prioritering totalt sett: 5

Søker ynskjer å gjerde inn eit området som tidlegare har vore nytta som beite. Arealet ligg ved eit eksisterande beite og vil bli ein del av eit større samanhengande kulturlandskap med ulike element. Søker ynskjer å rydde delar av området slik at kan få eit betre beite. Administrasjonen meiner at det ved rydding kan oppnåast ein betre kvalitet på beitet. Beiteryddinga vil kunne gjerast ved å tynne igjennom området, slik at ein opnar kronedekket meir. Administrasjonen meiner at tiltaket vil vere med på å styrke kulturlandskapet på Landsvik ved at meir areal kjem i drift. Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt føremål, jf. forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket § 1.

Grunna lite midlar og stor søknadspågang vert godkjent kostnad for beiterydding satt til kr 2 000,- pr. daa.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	120	60	7200		
Kjøregrind	1	1500	1500		
Beiterydding, daa	2,9	2000	5800		
<b>Sum</b>			<b>14500</b>	<b>50</b>	<b>7000*</b>

\*Avrunda ned til nærmaste 1000.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdier på Landsvik. Administrasjonen har vurdert det slik at

tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på jf. §§ 8-12, då det ikkje er registrert spesielle naturverdiar i eller ved området.

## Vedtak

”Meland kommune løyver 7 000 kr i tilskot til Kåre Landsvik på Gnr. 51 bnr. 10. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2021.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødslast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynpte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med

føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

SMIL søknad signert Gbnr. 51-10

#### Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

#### Mottakere:

Landsvik Kåre

LANDSVIK

5917

ROSSLAND